

Engelske sykkelturistar kosa seg ved Gamleskulen.

27.06.2017



Desse fire hyggelege engelske turistane hadde ein kort pause ved Kafè Tiaren.

**På veg til Kafè Tiaren i dag, møtte eg på fire turistar som sat og kosa seg med kake ved eine bordet utanfor Gamleskulen. Det viste seg at dei kom frå Exeter sørvest i England. Med utgangspunkt frå Bergen var dei no i gang med andre dagen av ein fire dagars sykkeltur for å oppleva Sunnhordland.**

Dei fortalte at dei hadde kome til Bergen med fly lørdag, og dei hadde hatt nokre fine dagar i Vestlandshovudstaden. Trass i regnet hadde dei fått mykje med seg. Dei hadde m.a. besøkt Gamle Bergen og Fantoft stavkyrkje. Stor var tydeleg opplevelinga då dei hadde besøkt Edvard Grieg sin heim, Trollhaugen. Der hadde dei opplevt ein flott konsert, fortalte dei.

Sykkelturen frå Bergen hadde starta mandag, og dei hadde overnatta på Rosendal Turisthotel. Sykkelturen frå Rosendal i dag hadde dei opplevt som aldeles nydeleg i det fine veret og dei flotte naturkulissene. Supelativa sat laust når dei såg oppover mot dei vakre fjella våre med Ulvanåso som den markante dronninga. Dei kunne tydelegvis tenkt seg meir tid i Uskedalen, men dei måtte vidare for å halda tidsskjema på sykkelturen. Derfor måtte dei også høfleg takka nei til invitasjonen til å vera med innom på allsongøkta på Kafè Tiaren. Derimot hadde dei smakt på kakene på Tiaren. Dei fekk topp kakarter. 'Exelent cakes', sa den eine og det vart gjenteke av dei tre andre.

Dei uttalte seg også rosande om den norske trafikkulturen. Det følte seg veldig trygge når dei sykla, og dei sa at trafikantane var veldig flinke til å ta hensyn til dei. På sykkelturen vidare skulle dei innom både Skånevik, Stord og Bekkjarvik før dei skulle vera tilbake i Bergen att fredag. Der skulle dei i alle fall gå ein del i byfjella, og så skulle dei bruka ein dag på togtur til Flåm. Dei var svært fornøgde med veret i Uskedalen, og den hyggelege kvartetten vart svært glade då eg kunne fortelja om bra vermeldingar framover. Etter 10 dagar med Vestlandsferie skulle dei så reisa heim med fly.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.